



Kommunane i Rogaland v/ordførar og rådmann

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Kommunereforma - prosessen i Rogaland

Bakgrunn

Statsråd Jan Tore Sanner har i brev av august 2014 invitert alle kommunane i landet til å delta i prosessar med sikte på å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Fylkesmannen, i samarbeid med KS, har fått i oppgåve å legge til rette for gode prosessar og hjelpe kommunane i dette arbeidet.

Organisering og gjennomføring

Anfinn Rosnes er frå 1. november Fylkesmannen sin prosessrettleiar for kommunereforma. Han skal bidra til koordinering og tilrettelegging. Det viktigaste her blir å medverke til gode prosessar i og mellom kommunar. Vi har etablert ei styringsgruppe internt hos Fylkesmannen, og alle fagavdelingane er involverte i prosessen. Fylkesmannen har etablert samarbeid med KS, og kontaktperson hos KS i Rogaland er Frode Ingvaldstad.

Vi tek no initiativ til å etablere ei breitt samansett ressursgruppe for kommunereforma i Rogaland, leia av fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa. Gruppa skal ha deltakarar frå fleire interessentar for reforma, som kommunar, fylkeskommunen, næringsliv, forskning og arbeidslivsorganisasjonar. Eit av føremåla med ressursgruppa er å sikre informasjon og kunnskapsdeling om reforma mellom kommunane og regionale nivået i fylket.

Fylkesmannen har gjennom hausten vore i møte med alle ordførarar og rådmenn i fylket i ulike fora, i hovudsak gjennom regionråda. Kommunereforma blir også eit viktig tema på kontaktmøtet mellom Fylkesmannen, KS og kommunane den 11. desember. Statsråd Jan Tore Sanner og leiar av Ekspertutvalet, Signy Irene Vabo, vil vere innleiarar.

For at kommunane skal halde framdriftsplanen til regjeringa, er det viktig at det blir lagt opp til å peike ut moglege samanslåingsalternativ tidleg våren 2015. Alternativa skal vere realistiske for nærare utgreiingar. Vårt råd er at kommunane søkjer å avgrense talet på alternativ. Det er viktig å halde ein stram tidsplan for å kunne avklare aktuell framtidig struktur innan juni 2016. Vi ser førebels for oss følgjande overordna tidsfasar for kommunane:

- 1, Igangsetting - haust 2014/tidleg vår 2015 (sikre god forankring - val av alternativ for utgreiing)
- 2, Vurdering - heile 2015 (sikre brei deltaking – få fram fakta - drøfte alternativ)
- 3, Avgjerd - våren 2016 (kommunestyra fattar vedtak)

Hausten 2016 skal Fylkesmannen, i samband med oversending av vedtaka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), gi si vurdering av dei samla kommunestyrevedtaka.

Kommunane må legge særleg vekt på tydeleg leiing, god informasjon og brei involvering i arbeidet med kommunereforma.

Vi legg til grunn at alle kommunar i Rogaland i ei eller anna form er i gang med prosessane sine, og ber om tilbakemelding om kven som er kommunen sin **kontaktperson** når det gjeld kommunereforma. Dette kan meldast på e-post til Anfinn Rosnes - fmroaro@fylkesmannen.no.

Vi ber også om at kommunane held Fylkesmannen oppdatert om prosessar og planar, m.a. fordi vi skal rapportere vidare til KMD. Dette gir samstundes oss eit viktig grunnlag for å gi råd og hjelp tilbake.

Fylkesmannen vil lage ein samla oversikt over status i fylket så tidleg som mogleg i 2015. Vi ber difor om at alle **innan 1. mars 2015** sender oss informasjon om status. Vi ønskjer informasjon om prosessar som er sette i gang og tidsplanen for utgreiingane. Vi ynskjer også informasjon om kva alternativ som er valde for utgreiingane så langt det er mogeleg.

Fylkesmannen ser helst at statusrapporten blir behandla politisk, eksempelvis i formannskapet. Vi er innstilte på at den enkelte kommune kan få tildelt inntil kr 100 000 frå skjønsmidlane til det vidare arbeidet.

Rettleiar og verktøy frå KMD

Det er viktig at det ikkje blir brukt meir ressursar enn nødvendig i arbeidet med kommunereforma. KMD har oppretta ei eiga [temaside](#) med verktøy for arbeidet. Departementet legg også ut relevante [spørsmål og svar](#) til reforma. Det vil i næraste framtid bli lagt ut eit døme på spørjeskjema som kommunane kan bruke i samband med involvering av innbyggjarane.

Fylkesmannen og KS tilbyr hjelp

Fylkesmannen og KS ønskjer å rettleie kommunane om reforma og vere oppdaterte på prosessane ute i kommunane. Vi stiller oss opne for å besøke kommunestyra eller i andre aktuelle møtearenaer. Vi ber om å bli kontakta om aktuelle tidspunkt så tidleg som mogleg, slik at vi kan legge ein plan for dette arbeidet. Embetsleiinga vil så langt det er mogleg delta på desse møta.

Samling om kommunereforma 17. mars 2015

Kommunane vil bli inviterte til ei prosess-samling om kommunereforma den **17. mars 2015**. Meir detaljar om stad og program kjem seinare. Eit av føremåla med samlinga er å få ei erfaringsutveksling mellom kommunar.

Vi ser fram til å samarbeide vidare med dykk.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merete Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80
E-post: fmroaro@fylkesmannen.no

Kopi til:

Fylkesmannen i Vest-Agder	Postboks 513	4605	Kristiansand S
KS Rogaland	Postb 539	4003	STAVANGER
Distriktssenteret	Ogdalsvegen 2	6856	SOGNDAL
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep.	0032	Oslo
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger